

Bedehusbasaren gav 24 455 kroner – opprusting i gang

29.10.2010



Inger Anne Leite vann Brann-gensaren

Den tradisjonelle bedehusbasaren i kveld gav ein inntekt på 24.455 kroner mot 23.075 kroner i fjor.

Basaren var dermed eitt godt steg vidare mot fullfinansiering av den satsinga som bedehuset akkurat no er inne i.



[Roald Evensen var andaktshaldar denne gongen.](#)

65.000 kroner satsast på drenering, lager- og aktivitetsrom, isolering og ombyggjing og 30.000 er allereie skaffa - i vesentlig grad av Hobbyklubben.

Leiar av indremisjonen Jon Harald Kjærland opplyste under basaren at arbeidet blir gjort på dugnad og han heldt fram at det blir eit godt hus. Ikkje minst viktig er det at fukt forsvinn i kjellaren.



[Jon Harald Kjærland meldte om stor opprusting av bedehuset](#)

Han orienterte også om aktivitetane i huset, og opplyste mellom anna at det blir juleverkstad 13. november. Det kom 40 på den tradisjonsrike basaren dette året og det var like mange som i fjor. Margot Haugland leia han på rutinert vis og alt gjekk som smurt. Basarar er noko dei kan i Uskedalen! Det vart seld både årer og lodd og særleg stor merksemeld samla ein raud gevinst - ein Branngensar for ein 12-

åring som Nelly Kjærland hadde strikka og som Inger Anne Leite vann.

Nelly medga for uskedalen.no at ho eigentleg er mot Brann, men ho hadde altså raust nok strukke seg så langt som til å strikka ein genser med ein varm bodskap på!
Ellers var det som vanlig ein svært allsidig samling av gevinstar - frå eplar via sengesett til Hardangerbestikk.

Andaktshaldar denne trivelege og tankjevekkjande fredagskvelden var forkynnar i Vestlandske Indremisjon Roald Evensen, som har vore her nokre dagar og halde 4 møter. Han sa at den redningsaksjonen som Jesus gjennomførde på krossen var vellukka og mest vellukka var det at han vant sigeren over døden, noko som framleis gjeld!

Eit anna høgdepunkt var serveringa og han var like velorganisert som resten.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen



Ingebjørg Haugland selde årer også i år

